

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
067/19	Formannskapet	PS	19.09.2019
057/19	Kommunestyret	PS	26.09.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	19/1128

## Økonomisk kompensasjon Fisketangen

### Vedlegg :

Vedlegg 2\_Svar på førespurnad om samtykke til varig omdisponering av del av Fisketangen statleg sikra friluftslivsområde gbnr 17296 i Lindås kommun (L)(348318)Vedlegg 3\_epost Hopland fellesVedlegg 4\_Svar til Lindås kommune på mail mottatt 26.06.19Vedlegg5\_DNB Eiendom marknadsvurdering

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Rådmannen legg saka fram til politisk avgjerd

.....

### Formannskapet - 067/19

#### **FO - behandling:**

Det var stilt spørsmål ved habiliteten til Bjarte Vatnøy, formannskapet gjorde samrøystes vedtak om at B.Vatnøy er habil i denne saka.

#### **Framlegg frå I.Fjeldsbø-H:**

Formannskapet gir kr 500 000 i kompensasjon for langvarig og uryddig prosess for å få avslutta saka.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (I.Fjeldsbø-H, J.Vassdal-Sp, L.Sleire-Krf, B.Vatnøy-Frp og N.Øvreås-Frp)

#### **Framlegg frå A.Byrknes-Krf og N.Bognøy-Ap:**

Formannskapet legg til grunn at ei makebyteavtale ikkje lar seg gjennomføra og bed rådmannen gå i forhandlingar med grunneigarar om kjøp av Storskjeret.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster.

#### **FO - vedtak:**

Formannskapet legg til grunn at ei makebyteavtale ikkje lar seg gjennomføra og bed rådmannen gå i forhandlingar med grunneigarar om kjøp av Storskjeret.

## Kommunestyret - 057/19

### **KO - behandling:**

#### **Tilleggsframlegg frå N.Bognøy-AP og A.Byrknes-Krf:**

Dersom ein ikkje kjem til semje vert saka avslutta.

Innstillinga frå formannskapet med tillegg vart vedteke mot 1 røyst (Ø.Moldeklev-Frp)

### **KO - vedtak:**

Formannskapet legg til grunn at ei makebyteavtale ikkje lar seg gjennomføra og bed rådmannen gå i forhandlingar med grunneigarar om kjøp av Storskjeret.

Dersom ein ikkje kjem til semje vert saka avslutta.

### **Saksopplysningar:**

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

- Vedlegg 1: Politisk sak Fisketangen – sak 160/16:  
[http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost\\_detaljer&journalpostid=2016032772&](http://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&journalpostid=2016032772&)

### **Bakgrunn:**

I sak 160/16 vedtok formannskapet at Lindås kommune skulle forhandle fram ein ny avtale med Hopland Felles om eit makebyte på Fisketangen (gbnr 172/96). Dette for å kunne avslutte ei sak som kommunen og Hopland Felles har hatt dialog om sidan 1980-talet. Historikk i saka finn de i vedlegg 1. Føremålet med avtalen var å gjennomføre eit makebyte der kommunen fekk felleseiga Storskjeret, valleplassrett og ev. alle andre særrettar på eigedomen (172/96), mot at Hopland Felles fekk areal innanfor området AN2 vist i kommuneplanen sin arealdel. Ein føresetnad for å gjennomføre avtalen var at Miljødirektoratet/ ev . anna ansvarleg statleg instans gav samtykke til avtalen . Deretter skulle avtalen godkjennast av kommunestyret.

I april 2018 gav Miljødirektoratet tilbakemelding om at dei ikkje gir samtykke til omdisponering av statlig sikra friluftsområde på Fisketangen til gjennomføring av privat naustbygging (Vedlegg 2). Konsekvensen av dette var at avtalen mellom kommunen og Hopland Felles ikkje kunne gjennomførast.

I etterkant av dette har kommunen og Hopland Felles hatt fleire møter for å finne andre løysingar. Hopland felles har mellom anne hatt eit krav om å kunne nytte seg av felles veg på Fisketangen og kunne nytte sine rettar i området. I dag er vegen stengt med bom. I e-post frå Hopland Felles 29.03.19 (Vedlegg 3) ber dei særskilt om å få nøklar til bommen slik at dei kan nytte vegen. Etersom Fisketangen er eit statleg sikra friluftsområde, har kommunen vore i dialog med Miljødirektoratet som er rettshavar på Fisketangen. Tilbakemeldinga er at det vil vere særskilt krevjande å omdisponere dette området og nytte tinglyste private rettar. Uttak av sand eller andre tiltak vil også krevje samtykke frå Miljødirektoratet.

Kommunen med ordfører og administrasjon møtte Hopland felles i mai 2019, der tema var løysingar som kunne avslutte saka. Eitt av forslaga frå kommunen var muligheita for økonomisk kompensasjon, under føresetnad om politisk avgjerd og at Hopland Felles var interessert i denne. Ordfører ville ta dette opp til drøfting i formannskapet i mai. I den politiske drøftinga var det interesse for å finne ei løysing som inkluderer økonomisk kompensasjon, men formannskapet ba Hopland Felle om å kome med eit konkret krav som ein kan vurdere.

Hopland Felles sendte 15.07.19 ei tilbakemelding til kommunen (vedlegg 4) på kva dei menier er eit naturleg økonomisk oppgjær i staden for eit makebyte. Dei kan akseptere ein økonomisk kompensasjon som tilsvarer marknadsverdien til åtte naust-tomtar. DNB Eigedom har gjort ei marknadsvurdering og har kome fram til at verdien er kr 300.000 per tomt. Det betyr at Hopland Felles ber om ein økonomisk kompensasjon på kr 2.400.000.

### **Vurdering**

I sak 160/16 hadde rådmannen ein grundig gjennomgang av saka, der konklusjonen var at det ikkje var nødvendig å gjennomføre eit makebyte mellom kommunen og Hopland Felles. Rådmannen legg derfor saka fram til politisk drøfting og avgjerd.

.....